

I grunnen er ikkje dette noko nyhendesak, i alle fall kjem det ikkje overraskande. Når Posten skal ut frå Husnes og innover, er neste stopp Rosendal med Rådhuset. Kommunen har bestemt at Uskedalen må finna seg å venta til postbilen kjem returveg.

Kvinnherad kommune har kjøpt ein slik leveringsavtale:

Posten skal vera i Rosendal klokka 9.30 og i Uskedalen kl.10.

På Spar Uskedalen er dei klare til å ta mot posten nesten kor tidleg som helst. Postbilen vågar ikkje køyra nedom i Uskedalen sjølv om bilen har god tid.

Folk utan kommunalt skjønn vil hevda at å bruka tre minuttar til levering av posten på Spar Uskedalen burde ikkje vera noko problem. Dei greier ikkje forstå ei slik ordning kommunen har kjøpt seg til.

Eg spør meg kva rådhusfolket og rosendølane ville gjort med posten desse få ekstra minuttane dei har på han.

Er mine opplysningar rett: Skam, Rådmann!!

Torfinn Myklebust